



De kongelige Kultur- og kirkedepartement
Postboks 8030 Dep

0030 OSLO

Dykkar ref.	Arkivsakid-doknr:	06/528-9	Saksh:	Gunnhild Sandvin	Arkivkode	Dato:
	Journalpostid:	06/5363	Telefon:	53 67 35 27	K1-020	30.10.2006

Melding om vedtak - høyring: NOU 2006:2 Om forholdet mellom staten og Den norske kyrkja

Det er fatta følgjande vedtak i saka:

KST-061/06 Vedtak:

Eidfjord kommunestyre vedtek uttale om høyring NOU 2006:2 som den ligg føre frå komiteèn.

Med venleg helsing
Eidfjord kommune


Gunnhild Sandvin
sekretær

Kopi til:
Eidfjord sokneråd Lægroidsvegen 5783 EIDFJORD

Kopi til arkiv og kopibok



1

Stat/kyrkje

Innleiing

Kommunestyret og soknerådet sette ned kvart sitt utval for å vurdere spørsmålet om tilhøvet mellom stat og kyrkje. Utvala var samansett slik:

Frå soknerådet - Unni Høberg, Beathe Melkeråen, Bjørn Tore Sæle.

Frå kommunestyret - Svein Hop, Anved Johan Tveit, Bergljot Maria Veivåg.

Utvala har arbeidd saman som ei gruppe, og har hatt to møte. Det var i starten opna for at ein kunne levere framlegg til innstilling der det vart skrive kor mange som stemte for dei ulike framlegga. Det viste seg at gruppa kom fram til ei samla framstilling, som no ligg ved. Det er også lagt ved nokre enkle kommentarar som gjer greie for kva gruppa har tenkt.

1. Hvilke overordnede prinsipper bør ligge til grunn for tros- og livssynspolitikken?

Staten skal føre ein aktiv og støttande livssynspolitikk.

Utan ein støttande livssynspolitikk er det lett for at alle livssynssamfunna får trongare råmer for drifta og blir avhengige av medlemsbidrag, noko som vil verte vanskeleg for DnK. Det er også viktig at den kristne kulturarv vert vidareført i det norske folket, noko som er vanskeleg utan ein støttande livssynspolitikk.

2. Den norske kirke som statskirke:

Bør fortsetje

Tida er ikkje mogen for ei slik omfattande endring. Økonomien vil også verte eit stort spørsmål, og gruppa stiller seg tvilande til at kyrkja vil kunne få dei midlane den treng utan at kyrkja er ei statskyrkje. Ordning med medlemsavgift vil ikkje vere tilstrekkeleg. Det er også viktig som symbolverdi at folket eig kyrkja, gjennom statleg eigarskap.

3. I hvilken lov bør Den norske kirke være forankret ?

Grunnlova.

Naturleg konsekvens av svaret på førre spørsmål.

4. Hvordan bør Den norske kirke finansieres ?

Offenteg finansiering utan medlemsavgift.

Sjå grunngjeving på spørsmål 2.

5. Hvordan bør valgordningene og demokratiet være dersom statskirkeordningen avvikles ?

Valordninga bør vere som i dag.

Ordninga med direkte val kan slå uheldig ut for små sokn i distriktet. Gruppa meiner at ordninga me har i dag sikrar at alle sokn kan få representatar vidare til Bispedømerådet og vidare til Kyrkjemøtet. For å få fleire til å stemme ved soknerådsvalet kan ein leggje valet til same dag og stad som stortingsvalet, slik dagens ordning opnar for.

6. Dersom statskirkeordningen avvikles, hva bør i så fall stå i §2 (eller i en annen paragraf) i Grunnloven i tillegg til prinsippet om religionsfrihet.

Det kristne humanistiske verdigrunnlaget

Dei politiske prinsipp som statsforfatninga byggjer på; så som demokrati, rettstaten og menneskerettighetene.

7. Hvem bør ha ansvaret for gravferdsforvaltningen ?

Den lokale kyrkja.

Den lokale kyrkja ligg nær gravplassen, og har tradisjon for å ivareta denne. Det er også viktig at kyrkja som organisasjon har ein viss storleik, noko som sikrast gjennom at kyrkja har ansvaret for gravferdsforvaltninga. Kyrkja må då samstundes strekke seg langt for å komme i møte menneske frå andre livssynssamfunn.

8. Hvem bør eie og forvalte kirkebyggene ?

Den lokale kyrkja bør eige kyrkjebyggja, og kommunen bør ha det økonomiske ansvaret.

Kommunen står nærast den lokale kyrkja og kan lett fange opp behova for vedlikehald og opprustning.